



# Informasjon om grava og montering av gravminne

INFORMASJON FRÅ BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD:  
Sjå også Gravplassvedtekter for Bømlo.



## Blomar og isåing av gras

Det er gått ei tid si gravlegginga. Framleis er sorga stor. Kanskje kan litt informasjon om kva som skjer vidare med grava vera nyttig. Vi ynskjer difor å komma med utfyllande informasjon i tillegg til dei lokale vedtektene for gravplassane i Bømlo kommune.

Personalet på gravplassen ynskjer ikkje at det skal vera visne blomar på grava. Difor vil normalt desse bli teken vekk om lag to til tre veker etter gravferda. Dersom pårørende sjølve vil ta vekk blomane, er det ingenting i vegen for det.

Når jordhaugen på grava begynner å setja seg, normalt 4-6 månader etter gravferda, vil personalet på gravplassen jamne grava slik at denne kjem i flukt med bakken. Deretter vil det bli sådd i gras.

## Når tid kan me montera gravminne?

Gravminnet vert som regel bestilt hos gravferdsbyrået. Men dei pårørende kan også ordna med gravminne sjølve. Då kan denne informasjonen vera grei å hugse:

1. Alle gravminne som vert montert må vera godkjent av kyrkjeverja i Bømlo. Det fins eige søknadsskjema for dette. For adresse: Sjå nedanfor.
2. Det er ikkje lov å montera gravminne før det er gått seks månader etter gravferda. Dette er fordi grava skal få tid til å setja seg. Gravminne vil også stå mykje stødigare.
3. Dersom du bestiller gravminne av ein steinleverandør, hugs på at du også avtaler montering.
4. Den som monterer eit gravminnet kan berre gjera det på tilvist stad og til avtalt tid.
5. Gravminne må monterast forskriftsmessig i veggrus med to syrefaste boltar og helst med spyd ned i bakken. Spør om rettleiing.
6. Gravminnet vert montert i senter over grava og skal deretter ikkje flyttast på.
7. Det er ikkje høve å bruka fast dekor, som vase, lykt eller andre figurer på blomsterplata, berre på ståande stein.

**Etter Gravferdslova (forskriftene §10) er Kyrkjeleg fellesråd ikkje ansvarleg for skader på gravminne eller gravutstyr påført med vanleg drift og vedlikehald av gravplassen. Dette inkluderer plate, lykter, figurer m.m.**

For informasjon:

Adresse: Bømlo kyrkjelege fellesråd,  
Leirdalen 1, 5430 Bremnes

Tel: 5342 3290 / 951 55 944

Epost: [trygve.leigland@bomlo.kommune.no](mailto:trygve.leigland@bomlo.kommune.no)

Nett: [www.bomlo.kyrkja.no](http://www.bomlo.kyrkja.no)